UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 95/15
Møtedato: 08.12.2015
Journalnummer:

FRAMLEGG OM OPPRETTING AV NYTT EMNE JUS134-KINA SOM ALTERNATIV TIL JUS134

Emneansvarleg for JUS134 Rettshistorie og komparativ rett, Jørn Øyrehagen Sunde, ønskjer å leggja til rette for at ei lita gruppe av dei om lag 300 studentane som tek emnet kvart år kan følgja eit parallelt løp med særskild fokus på kinesisk rett og kinesisk rettskultur i tillegg til den norske og den europeiske. Desse studentane skal utveksla til Renmin University i Beijing i fire veker som del av JUS134 for å delta på kurset Chinese Law Summer Program.

Chinese Law Summer Program vert administrert av Robert H. McKinney School of Law ved Indiana University. Programmet har blitt halde på Renmin University og av kinesiske forelesarar sidan 1998. Til no har programmet hovudsakleg vore for studentar frå fem amerikanske law schools, likevel med ein og annan deltakar frå andre land enn USA. Frå våren 2016 er fakultetet invitert til å senda deltakarar til kurset. Både tidspunkt og tema er slik at det vil passa inn som ein del av det obligatoriske emnet JUS134 Rettshistorie og komparativ rett.

For å leggja til rette for denne korttidsutvekslinga som del av JUS134 må det opprettast eit eige emne: JUS134-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur. Emneskildringa tek utgangspunkt i emneskildringa for JUS134, men med nokre justeringar.

I tillegg til saksframlegget til SU som er lagt ved her[1], viser vi til utførleg skildring av prosjektet i fakultetets søknad til UiBs Program for evaluering og kvalitetsutvikling (PEK).[2]

Det kan nemnast at UiBs utdanningsutval handsama årets PEK-søknader i møte 13. november, og at det ikkje vart løyvd midlar til prosjektet. Planane let seg gjennomføra utan løyving frå PEK, og også utan annan tilleggsfinansiering. Men for å minska ekstrakostnadene for studentane og dermed sikra at tilbodet er tilgjengeleg for alle, ser fakultetet etter andre finansieringskjelder. Det er oppretta dialog med Bergen Konfutse institutt som har gjeve sterke signal om at dei vil kunna vera med og finansiera tilbodet.

Studieutvalget handsama spørsmålet om oppretting av nytt emne JUS134-Kina i sitt møte den 3. november 2015, og fatta slikt vedtak i sak 83/15:

> *Studieutvalet tilrår overfor fakultetsstyret at JUS134-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur vert oppretta som eit alternativ til JUS134 og at emneskildringa for JUS134-Kina vert vedteken med dei justeringane av emneskildringa for JUS134 som er foreslått.*

[1] Etter handsaminga i Studieutvalget er nokre skrivefeil i emneskildringa retta i saksframlegget.
[2] PEK-søknaden vart lagt fram til orientering for Studieutvalget 3. november 2015 og følgjer referatet frå SU som kan lesast under orienteringssaker til fakultetsstyremøtet 8.12.15.

Dekan og fakultetsdirektør meiner at tilbodet om utveksling som del av JUS134 gjennom oppretting av alternativt emne JUS134-Kina er i tråd med fakultetets ønskje om meirinternasjonalisering generelt og meir samarbeid med Kina spesielt. I samsvar med forslaget som er lagt fram inviterer dekan og fakultetsdirektør difor fakultetsstyret til å gjera slikt

vedtak

Emnet JUS134-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur vert oppretta som eit alternativ til JUS134 og emneskildringa for JUS134-Kina vert vedteken med dei justeringane av emneskildringa for JUS134 som er foreslått.

Asbjørn Strandbakken
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

25.11.2015

INTØ

JUS134 Rettshistorie og komparativ rett:

Framlegg om oppretting av alternativt emne JUS134-KINA Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur

Kjennskap til ulike rettslege kulturar er viktig for framtidas juristar og kjennskap til rettslege kulturar som er særs ulik den vestlege, men like fullt særs viktig globalt, er vesentleg om internasjonal samhandling skal fungera. Gjennom emnet JUS134 Rettshistorie og komparativ rett får studentane kunnskap om kva ein rettskultur er, og korleis den vert forma og omdanna gjennom møte med rettskulturelt gods frå andre rettskulturar. Det er særleg fokus på dei seks rettskulturelle strukturane *konfliktløysing, normproduksjon, rettferdsideal, juridisk metode, profesjonalisering og internasjonalisering*. Studentane får kunnskap om det historiske grunnlaget for den norske rettskulturen gjennom å studera norsk rettshistorie i eit europeisk perspektiv. Deretter får studentane kunnskap om den engelske, skotske, tyske, austerriske og franske rettskulturen når det særleg gjeld dei 6 rettskulturelle strukturane. Kring 320 studentar tek dette emnet kvart år.

Som emneansvarleg ønskjer eg no å tilby ei lita gruppe av dei 300 studentane eit parallelt løp med særskild fokus på kinesisk rett og kinesisk rettskultur i tillegg til den norske og den europeiske. Ideen er å leggja til rette for at eit utval studentar på 3. studieår av masterprogrammet i rettsvitskap skal kunna utveksla til Renmin University i Beijing i fire veker som del av det obligatoriske emnet JUS134 Rettshistorie og komparativ rett for å delta på kurset Chinese Law Summer Program. Dette vil gje auka læringsutbyte og ein unik kompetanse hos desse studentane. Ved å tilby eit utval av studentane på masterprogrammet i rettvitskap innsikt i og kunnskap om kinesisk rettskultur vil fakultetet kunna byggja opp nasjonal kompetanse som er viktig for framtida.

Chinese Law Summer Program er eit fire veker langt sommarprogram som har blitt halde årleg på Renmin University Law School sidan 1998. Studentar frå fem amerikanske Law Schools deltek i programmet på årleg basis, men det har gjennom åra vore deltakarar frå ei rekkje juridiske fakultet både i og utanfor USA. Frå 2016 er vårt fakultet invitert til å senda studentar til sommarprogrammet på årleg basis. I løpet av programmet lærer studentane om det kinesiske rettssystemet og om utviklinga av kinesisk rett innanfor Kinas sosialistiske marknadsøkonomi. Programmet gjev og innblikk i rettsområde som er særleg aktuelle i Kina for tida slik som kinesisk arbeidsrett og miljørett. Undervisninga vert gjeve på engelsk av førelesarar frå Renmin University. I tillegg inneheld programmet ei rekkje besøk til relevante institusjonar som til dømes ein kinesisk domstol og eit kinesisk advokatfirma. [3]

JUS134 Rettshistorie og komparativ rett har til no hovudsakleg hatt eit europeisk perspektiv. Frå våren 2016 vil eg byrja å nytta ei ny lærebok utarbeidd av forskingsmiljøet i Forskargruppa for rettskultur ved fakultetet, der vi òg trekk inn perspektiv får andre verdsdelar, men mellom anna ein eigen artikkel om kinesisk rett. Kinesisk rett som del av JUS134 Rettshistorie og komparativ rett er del av fakultetet si heilskaplege satsing på oppbygging av kompetanse innan kinesisk rett. Vidare har Forskargruppa for rettskultur ved Det juridiske fakultet, som er leia av emneansvarleg for JUS134 Rettshistorie og komparativ rett saman med Søren Koch, innleidd eit samarbeid med Forum for Legal Culture ved Renmin University Law School, og då særleg med fyrsteamanuensis JIANG Dong. JIANG Dong føreleste for studentane på JUS134 Rettshistorie og komparativ rett i juni 2014. Denne førelesinga viste at kinesisk rett og rettskultur er interessant å bringa inn i emnet JUS134

[3] Les meir om China Law Summer Program her: http://mckinneylaw.iu.edu/practice/study-abroad-china/index.html

Rettshistorie og komparativ rett, mellom anna fordi dette er ein rettskultur som er særs ulik vår eigen rettskultur.

Studentar som gjennom JUS134-Kina fattar interesse for Kina og kinesisk rett og rettskultur vil kunna halda fram med delstudier i Kina på 5. studieår av masterprogrammet. Dei som eventuelt held fram på fakultetet sitt ph.d.-program etter fullført mastergrad vil få tilbod om å delta på fakultetet sitt årlege ph.d.-seminar Chinese Legal Culture studied from a Nordic Viewpoint. Dette blir halde ved Nordic Centre ved Fudan University.

Både av praktiske omsyn og for å synleggjera det ekstra læringsutbytet dei aktuelle studentane vil få, ønskjer eg å oppretta eit eige emne som i hovudsak er identisk med JUS134 Rettshistorie og komparativ rett, men der mål, innhald, obligatoriske aktivitetar og læringsutbyte er tilpassa slik at kunnskap om kinesisk rettskultur og vert teke inn

Framlegget til nytt emne, med synleggjorte endringar i høve til JUS134, er lagt ved her.

Vedtak:

Studieutvalet tilrår overfor fakultetsstyret at JUS134-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur vert oppretta som eit alternativ til JUS134 og at emneskildringa for JUS134-Kina vert vedteken med dei justeringane av emneskildringa for JUS134 som er foreslått.

Vedlegg: Framlegg til emneskildring

Emnekode	JUS134-Kina
Studiepoeng	10
Undervisingssemester	Vår
Antall semester	1
Undervisingsspråk	Norsk og engelsk

Mål og innhald

Føremålet med JUS134-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur er å

(I) verta i stand til å analysera, forklara og diskutera korleis ein rettskultur er sett saman av dei rettskulturelle faktorane *konfliktløysing, normproduksjon, rettferdsideal, juridisk metode, profesjonalisering og internasjonalisering.* Vidare å

(II) verta i stand til å analysera, forklara og diskutera karakteren av desse rettskulturelle faktorane i den norske, engelske, tyske~~amerikanske~~, franske og kinesiske~~tyske~~ rettskulturen. Og

(III) å kunna analysera, forklara og diskutera både historiske og no pågåande endringar i desse rettskulturelle faktorane, og relatera desse endringane til retten sine ulike nivå.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Førelesingar og grupper

Obligatorisk undervisningsaktivitet

1. ~~Gruppemøte, oppgåveskriving og kommentering er obligatorisk. Utrekninga av deltakinga blir gjort som fastsett i "Retningslinjer for utregning av obligatorisk deltakelse".~~ Deltaking på førelesingane i JUS134 haldne ved Det juridiske fakultet i Bergen, og i JUS134-Kina haldne ved Renmin University Law School i Beijing

2. Underkjenning av deltaking på JUS134-Kina på grunn av manglande deltaking på førelesingane ~~de element i dei obligatoriske arbeidskrava~~ kan ikkje rettast opp igjen ~~tas~~ ~~om att~~ før neste gong JUS134 vert arrangert ved Det juridiske fakultet i Bergen, og då gjennom deltaking på kurset sine obligatoriske arbeidskravr ~~ved neste kurs.~~

3. Kursgodkjenning eldast ikkje.

~~Kvar student skal i løpet av JUS134 Kina: Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur levera 3 obligatoriske arbeidsgruppeoppgåver til godkjenning. Følgjande krav må vera innfridd for at oppgåvene skal verta godkjent:~~

~~*Oppgåva må vera på minst 700 ord og maksimum 1500 ord.*~~

~~*Oppgåva skal vera eit svar på spørsmålet i den grad at oppgåve ville ha vore kvalifisert til ståkarakter på eksamen.*~~

~~*Oppgåva skal vera ein ferdig tekst, og ikkje ei samling stikkord eller ufullstendige setningar.*~~

~~Kvar student skal i løpet av JUS134 Kina: Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur kommentera 2 x 3 arbeidsgruppeoppgåver skrivne av andre medlemmar av arbeidsgruppa. Følgjande krav må vera innfridd for at kommenteringa skal verta godkjent:~~

~~*Dei samla kommentarane til kvar av dei 6 oppgåvene skal innehalda minst 4 substansielle kommentarar. Med ein substansiell kommentar vert det forstått kommentarar som drøftar innhald og/eller framstilling med fullstendige setningar, og som er eigna til å gje rettleiing.*~~

~~Dersom storgruppeleiar er i tvil om krava til arbeidsgruppeoppgåve eller kommentarar er oppfylt, skal vedkomande oversenda materialet til den fagansvarlege som skal treffa skriftleg grunngjeve vedtak. Den aktuelle student vil deretter verta kontakta av den administrativt ansvarlege for 3. studieåret, som opplyser om vedtaket. Det skriftlege vedtaket skal deretter tilgjengeleg for studenten ved personleg overlevering, som vedlegg til skjermbrev, eller ved postsending.~~

Undervisningssemester

Vår

Krav til studierett

MAJUR

Undervisningsstad

Det juridiske fakultet, Bergen og Renmin University Law School, Beijing

Læringsutbyte

Kunnskap:

I JUS134~~:~~ ~~-~~Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur skal studentane (1) få kunnskap om kva ein rettskultur er, og korleis den vert forma og omdanna gjennom møte med rettskulturelt gods frå andre rettskulturar. Det vil vera særleg fokus på dei 6 rettskulturelle strukturane *konfliktløysing*, *normproduksjon*, *rettferdsideal*, *juridisk metode*, *profesjonalisering og internasjonalisering*. Deretter skal studentane (2) få kunnskap om det historiske grunnlaget for den norske rettskulturen gjennom å studera norsk rettshistorie i eit europeisk perspektiv. Igjen vil dei 6 rettskulturelle strukturane stå i sentrum Deretter skal studentane (3) få kunnskap om den engelske, ~~amerikanske~~, tyske, ~~og~~ franske og kinesiske rettskulturen når det særleg gjeld særleg dei 6 rettskulturelle strukturane.

Den kunnskap om *konfliktløysing*, *normproduksjon*, *rettferdsideal*, *juridisk metode*, *profesjonalisering og internasjonalisering* skal studentane tileigna seg gjennom følgjande spesifikke tema handsama i pensumlitteraturen:

(1) Rettskultur

- Rett som kultur
- Danning av, og møtet mellom rettskulturar
- Rettskultur og resepsjon av rett, og særleg det rettskulturelle filter
- Ein rettskultur sine ulike nivå etter Kaarlo Tuori sin modell

(2) Den norske rettskulturen si historie i eit europeisk perspektiv

- Normskaping gjennom rettspraksis, og framveksten av ei rikslovgjeving i Europa og Noreg i høgmellomalderen
- Rettsstudiet på europeiske universitet frå 1100-tallet, og korleis dette påverka den norske rettskulturen i høgmellomalderen, særleg når det gjeld metodetenking.
- Kva romarretten og kanonisk rett har hatt å seia for utviklinga av ein felleseuropeisk rettskultur, ein *ius commune*
- Rettskjeldelærer og rettferdsideal i norsk og europeisk mellomalder
- Den rasjonalistiske naturretten i europeisk og dansknorsk rettshistorie, og det dansknorske juridiske embetsstudiet av 1736 i høve til dette
- Naturrettsbaserte rettskjeldelærer og universalisme på 1700-tallet, og sedvanebaserte nasjonale rettskjeldelærer på 1800-tallet, samt utviklinga av den særlege norske rettsrealismen

- Den deduktive metoden og det denne fekk å seia for rettspraksis frå 1700-tallet, og europeisk lovgjeving frå 1800-tallet, og så særleg framveksten av det forutbereknelege som rettferdsideal
- Det internasjonale inspirasjonsgrunnlaget for endringar av den norske rettskulturen etter mellomalderen

(3) Komparativ rett; den engelske, ~~amerikanske~~, tyske, franske og kinesiske ~~og tyske~~ rettskulturen

- Karakteristika ved og skiljet mellom *common law*- og *civil law*-tradisjonane
- Den engelske rettskulturen, og særleg praksis si rolle i den
- ~~Den amerikanske rettskulturen, og særleg det føderale si rolle i den~~
- ~~Den franske rettskulturen, og særleg lovgjevinga si rolle i den~~
- Den tyske rettskulturen, og særleg metoden si rolle i den
- ~~Den austerrikske rettskulturen, særleg samanlikna med den norske~~
- Den franske rettskulturen, og særleg lovgjevinga si rolle i den
- Dei utfordringar EU-retten og Dei europeiske menneskerettane stiller den engelske, -, tyske og franske ~~og tyske~~ rettskulturane ~~ovanfor~~
- Den kinesiske rettskulturen gjennom rettssystemet si oppbygging og funksjon, med vekt på lovgjeving, forvaltning, domstolar og rettsvitskap, og dei rettskulturelle konsekvensane av dette

Dugleik:

Studentane skal gjennom JUS134-Kina: Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur opparbeida seg evner til å bruka kunnskapen slik at dei kan (I) forklara og diskutera korleis ein rettskultur er sett saman av dei rettskulturelle faktorane *konfliktløysing*, *normproduksjon*, *rettferdsideal*, *juridisk metode*, *profesjonalisering og internasjonalisering*. Vidare å (II) verta i stand til å forklara og diskutera karakteren av desse rettskulturelle faktorane i den norske, engelske, ~~amerikanske,~~ tyske, franske og kinesiske~~tyske~~ rettskulturen. Og (III) å kunna forklara og diskutera både historiske og no pågåande endringar i desse rettskulturelle faktorane, og relatera desse endringane til retten sine ulike nivå, og då særleg i relasjon til den kinesiske rettskulturen.~~.~~

Generell kompetanse:

Føremålet med JUS134~~:~~-Kina Rettshistorie og komparativ rett med særskild fokus på kinesisk rettskultur er å setja studentane i stand til å finna og bruka gjeldande rett i ein periode med

rettsleg internasjonalisering der rettskulturell innsikt, tufta på rettshistorisk og komparativ kunnskap, har vorte ein del av juridisk metode som forståingsreiskapar når ein handsamar norsk rett produsert innanfor norske jurisdiksjonsgrenser, men med utgangspunkt i rettskjelder produsert utanfor, og norsk rett produsert utanfor norske jurisdiksjonsgrenser.

Vurderingsformer

Etter kurset vert det avlagt ein heimeeksamen. Oppgåvene skal leverast elektronisk via Kark. Ordgrensa er sett til 5000 ord.

Studentane som tek JUS134-Kina vil verta prøvd gjennom ein heimeeksamen på lik linje med studentane som tek JUS134. Men i staden for ei analyse- og diskusjonsoppgåve om europeisk rettskultur, skal studentane på JUS134-Kina analysera og diskutera kinesisk rettskultur. Denne delen av eksamen vil utgjera mellom 30 og 40% av den totale heimeeksamen i kurset.

Karakterskala

Ved sensur av emnet benyttes karakterskalaen A til E for bestått og F for ikke bestått

Emneevaluering

I henhold til retningslinjer for evaluering av emner ved Det juridiske fakultet.